

Vedtekter SFO frå 01.08.2010

Vedtatt av Radøy kommunestyre 20.mai 2010 – sak 024/10

Vedtektene skal vere

- ein styringsreiskap for rektorar og SFO-leiarar
- eit grunnlag for informasjon til foreldre
- eit grunnlag for satsingsområde og vurdering av kvalitet i SFO

§ 1 LOVGRUNNLAG

SFO er heimla i opplæringslova §13-7.

”Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. klassetrinn, og for born med særskilte behov på 1.-7.klassetrinn.

Skolefritidsordninga skal leggje til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos borna. Skolefritidsordninga skal gi borna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma born skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

Skolefritidsordninga skal ha vedtekter om

- a. eigarforhold
- b. kven som er opptaksmyndigheit
- c. opptakskriterium
- d. opptaksperiode og oppseiing av skolefritidslassen
- e. foreldrebetaling
- f. leike- og opphaldsareal
- g. dagleg opphaldstid og årleg opningstid
- h. bemanning og leiing

Når skolefritidsordninga er knytt til skola, skal rektor til vanleg vere administrativ og fagleg leiar. Departementet gjer unntak frå kravet.

Tilbodet skal finansierast gjennom statleg og kommunalt tilskot og eigenbetaling frå foreldra.

Regelen i §10-9 første og tredje ledd gjeld for tilsetjing i skolefritidsordninga.

Kommunen godkjenner og fører tilsyn med private skolefritidsordningar som får statstilskot.

Departementet gir nærare forskrifter om skolefritidsordninga.”

Andre aktuelle paragrafar i opplæringslova:

Opplæringslova § 10-9 Politiattest

”Den som skal tilsetjast i grunnskolen, må leggje fram politiattest. Attesten skal vise om vedkomande er sikta, tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep mot barn. Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot barn, skal ikkje bli tilsette i grunnskolen.

Kommunen kan krevje politiattest etter første leddet også for andre personar som regelmessig oppheld seg i grunnskolen. Departementet gir nærare forskrifter.

Opplæringslova kapittel 9a Elevane sitt skolemiljø

Dette kapitlet omhandlar elevane sitt arbeidsmiljø, både det fysiske og det psykososiale arbeidsmiljøet. §9a-1 gir generelle krav:

”Alle elever i grunnskoler og videregående skoler har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremmer helse, trivsel og læring.”

Skulen må gjennomføre dei tiltak som er nødvendige for å innfri lova sitt krav. § 9a-8 understreker at krava til skulemiljøet skal gjelda for skulefritidsordninga:

”Føresegnene i dette kapitlet gjeld også for skulefritidsordning oppretta etter lova her.”

Dette gjeld også når skulefritidsordninga omfattar aktivitetar utanfor skulen sitt område, eller blir drive i lokale utanfor skulen.

Opplæringsloven §15-1 henviser til forvaltningsloven §§13-13e som omhandler regler for taushetsplikt.

§ 2 MÅL

- a) Skulefritidsordninga skal vere eit omsorgs- og fritidstilbod for born i 1. – 4. klasse (1.-7. klasse for funksjonshemma born) i samband med skuledagen.
- b) Skulefritidsordninga skal bidra til større heilskap og samanheng i borna sin kvardag gjennom eit nært samarbeid mellom heim, skule og kultur/fritidstiltak i nærmiljøet.
- c) Læring av omsorg og ansvar for kvarandre gjennom leik og andre sosiale aktivitetar skal stå sentralt i skulefritidsordninga.
- d) SFO skal vere eit positivt element i, og ein integrert del av skulekvardagen, slik at ein får til ein heilskap i skuledagen for elevane som nyttar seg av tilbodet.

§ 3 STYRE

- a) Radøy kommune eig og driv skulefritidsordningar ved barneskulane i kommunen. Formannskapet er øverste styre for skulefritidsordninga. Kommunestyret godkjenner vedtektene.
- b) Samarbeidsutvalet er styre for SFO på den einskilde barneskule.
- c) Leiar for SFO og foreldrerepresentant vald av foreldremøte i SFO har møterett og stemmerett i samarbeidsutvalet i saker som vedkjem SFO.

§ 4 ANSVAR OG ADMINISTRASJON

- a) Rektor har det administrative og pedagogiske ansvaret for skulefritidsordninga. Rektor har ansvaret for å sikre og ivareta heilskapen mellom skule og SFO.
- b) Leiar for ordninga har ansvaret for tilbod og innhald i aktivitetane.
- c) Rektor skal utarbeide instruks for SFO-leiar på den einskilde skule.

§ 5 LOKALE VEDTEKTER

Kvar einskild skule skal lage lokale vedtekter. Dei lokale vedtektene skal innhalde bestemmelser om :

- Foreldresamarbeid
- Samarbeid skule – SFO
- Lokale mål, satsingsområde
- Kompetanseheving av personalet
- Vurdering av tilbodet
- Bruk av utstyr, inventar og hjelpemiddel
- Kjøp av ”lause” timar for spesielle høve
- Lokal organisering og bemanning
- Mat og turpengar
- Lokale forhold m.o.t. opningstider
- Eventuelt anna

” I dette ligg at kvart SFO kan avgjera om dei vil selja lause timar og ev. fastsetja pris for timane. Dei kan justera opningstidene innanfor tidsrommet 07.00 – 17.00 ut frå etterspurnad mot høveleg godtgjersle, og dei fastset eigne satsar for ev. tur- og matpengar.”

§ 6 GRUPPESTORLEIK - BEMANNING

- a) Til vanleg skal bemanninga i gjennomsnitt vere 1 vaksen pr. 12 barn i SFO.
- b) Born med spesielle behov kan utløyse ekstra bemanning. Sakkunnig vurdering frå PPT er naudsynt for å få ekstra ressursar.

§ 7 SAMARBEID MED KULTURSKULEN OG FRIVILLIGE ORGANISASJONAR

- a) Musikk og kulturskuletilbodet til elevane må i størst mogleg grad leggjast til tida då elevane er i ordninga.
- b) Dei frivillige organisasjonane bør ha høve til å gje tilbod til SFO etter eigne avtalar.

§ 8 OPNINGSTID

- a) Det vert to ulike alternativ for opningstid:
 - 10 månader: Dette alternativet følgjer skuleruta.
 - 11 månader: Dette alternativet har ope i haustferien, vinterferien, fram til og med 30. juni og frå og med 1. august. I heile juli vert det stengt. Det vert også stengt i romjul, påskeferie, samt på skulen sine plandagar.
 - For skulane Hordabø og Austebygd gjeld berre 10 månaders alternativa. Born frå desse skulane kan få plass ved anten Manger eller Sæbø SFO i månad nr. 11.
- b) Dagleg opningstid for SFO vert frå kl 07.30 – 16.30. Det vert mogleg for samarbeidsutvalet ved den einskilde skule å tilpasse opningstida.

§ 9 PLASSTYPAR

- a) Det vert gjeve seks ulike tilbod om plasstypar:

Til og med 3 dagar

Til og med 4 dagar

Til og med 5 dagar

i 10 eller 11 månader

§ 10 SKYSS

Skulefritidsordninga er eit frivillig tilbod før og etter skuletid, og elevar i SFO har ingen særskilt rett til skyss til og frå SFO utanom ordinær skuleskyss.

§ 11 TRYGGLEIK

Det gjeld same krav til tryggleik for born i SFO som for born i skulen. Den enkelte skule/ SFO utarbeider rutinar for tryggleik. Skader som oppstår i SFO kjem inn under dei same ordningar som skulen har.

§ 12 LOKALE OG HJELPEMIDDEL

- a) Skulefritidsordninga bør ha fast base.
- b) SFO kan i tillegg nytte ledige klasserom, spesialrom og skulen sitt uteområde.
- c) Skulen og skulefritidsordninga finn tenlege løysingar på sambruk av hjelpemiddel, materiell og utstyr.

§ 13 MÅLTID

- a) Enkle måltid vert finansiert av foreldra etter eigne satsar som vert vedtatt i dei lokale vedtektene for den einskilde SFO.

§ 14 OPPTAK

- a.) Påmelding vert å sende til skulen
- b.) Alle som søker skal ha plass
- c.) Tildeling av plass gjeld for eitt skuleår
- d.) Det er tre – 3 – månaders oppseiingstid

- e.) Ved særlege grunnar kan det søkjast fritak for betaling. Rektor tek avgjerd.
- f.) Dersom det av spesielle grunnar skulle vere trong for å slutte i SFO, eller redusere timetalet, må skriftleg søknad sendast skulen. Rektor tek avgjerd i samråd med SFO-leiar.
- g.) Rektor kan i samråd med SFO-leiar innvilge utvida timetal for eit barn
- h.) Foreldra skal ha melding frå skulen om plass innan 31. mai. Foreldra skal orienterast om retningslinjer og vedtekter for SFO. Orienteringa skal også omfatte betalingsatsar.

§ 15 Finansiering/økonomi

- a.) SFO vert finansiert ved kommunal støtte i tråd med budsjettvedtak og ved foreldrebetaling. SFO skal samla drivast i balanse.
- b.) Radøy kommune fastset foreldrebetalinga. Endringar i foreldrebetalinga skal varslast tre månader før dei vert sett i verk.
- c.) Kvar SFO kan avgjera om dei vil selja lause timar og ev. fastsetja pris for timane. Dei kan justera opningstidene innanfor tidsrommet 07.00 – 17.00 ut frå etterspurnad mot høveleg godtgjersle, og dei fastset eigne satsar for ev. tur- og matpengar.
Vedteke i Skulemiljøutvalet 06.11.10: **Manger skule tar timepris for ekstratid på SFO; kr 45,- pr time.**
- d.) Dersom born vert henta etter ordinær stengetid i SFO, må føresette betale eit gebyr. Formannskapet har mynde til å fastsetje storleik på gebyret og nærare retningslinjer kring bruken av gebyret.
- e.) Med unnatak som følgjer av andre punkt i desse vedtektene, er kvar SFO å sjå på som eitt ansvarsområde innanfor skulen som resultateining.
- f.) Det vert søskenmoderasjon på 30% for barn nr 2, og 50% frå og med barn nr. tre.